



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 15.03.2016

Sak nr.: 16/1608-2

Internt l.nr. 9884/16

Sak: 29/16

Tittel: Regionale utviklingsmidlar 2016 fordeling 1

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Kystskogbruket får tildelt 80 000 kr til oppfølging av felles fylkeskommunalt program 2016.
- 2 EM i vektløfting 2016 v/Stian Grimseth og Knut Folkestad får avslag på søknad om tilskot.
- 3 Fylkeskommunen støttar Fuzz AS med 200 000 kr i driftsstøtte i 2016.
- 4 Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får høve til å omdisponere ei tidlegare løyving på kr 100 000. Midlane vert nytta til å dekke etableringskostnader i samband med eit preså Kornfond, og ikkje til det opprinnelege føremålet som var overtaking av einskildprosjekt frå Bedriftsnettverket.
- 5 Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarande støtte.
- 6 Nordfjord Vekst AS får 150 000 kroner til forprosjekt «Ringverknader av Lefdal Gruve» i 2016.
- 7 Tilskota vert finansiert slik:
 1. Tilskotet til Kystskogbruket og Fuzz AS vert dekket med disponible midlar frå tidlegare år.
 2. Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekket med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.
 3. Tilskotet til Nordfjord Vekst AS vert finansiert med disponible midlar frå budsjett 2016, tenesteområde 7012 bransjeretta satsingar – industri.

Marita Gunn Aarvik, Frp, gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Venstre og Sosialistisk Vensterparti sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:

Søknaden frå EM i vektløfting 2016 vert tildelt kr 100 000.

Avrøysting:

Endringsframlegg frå Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteken endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Kystskogbruket får tildelt 80 000 kr til oppfølging av felles fylkeskommunalt program 2016.
- 2 EM i vektløfting 2016 vert tildelt kr 100 000.
- 3 Fylkeskommunen støttar Fuzz AS med 200 000 kr i driftsstøtte i 2016.
- 4 Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får høve til å omdisponere ei tidlegare løyving på kr 100 000. Midlane vert nytta til å dekke etableringskostnader i samband med eit preså Kornfond, og ikkje til det opprinnelege føremålet som var overtaking av einskildprosjekt frå Bedriftsnettverket.
- 5 Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarande støtte.
- 6 Nordfjord Vekst AS får 150 000 kroner til forprosjekt «Ringverknader av Lefdal Gruve» i 2016.
- 7 Tilskota vert finansiert slik:
 1. Tilskotet til Kystskogbruket og Fuzz AS vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.
 2. Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekkja med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.
 3. Tilskotet til Nordfjord Vekst AS vert finansiert med disponible midlar frå budsjett 2016, tenesteområde 7012 bransjeretta satsingar – industri.